



**Notat**

Dato: 30.06.2016  
Arkivsak: 2014/17378-25  
Saksbehandlar: gurklyv

---

**Til:** Anne Gine Hestetun, Fylkesordførar

---

**Frå:** Guro Klyve, Eigedomsavdelinga

---

**Avtale om rett for Bergen kommune til å oppgradere gangvegar til Bybanen over to av HFK sine eigedomar. Tinglysing av erklæringer.**

Bergen kommune v/Etat for utbyggingsavtaler arbeider med eit prosjekt med å betre og oppgradere eksisterande gangvegar til bybaneholdeplassane samt å evt. opparbeide nye gangvegar. Formålet er å redusere avstanden og auke kvaliteten på gangtraséane.

Prosjektet gjeld gangforbindelsar til Bybanen for byggetrinna 1-3, og det er kartlagt 150 tiltak. Prosjektet er finansiert fullt ut med eksterne midlar, og midlane vert utbetalt til Bergen kommunen som er ansvarleg for gjennomføringa.

To av dei eksisterande gangvegane går over HFK sine eigedomar. Den eine er ein gangveg som går over eigedomen Ibsensgate 118, gbnr. 162/396, som ligg ved Haukeland sjukehus. Den andre er ein gangveg som ligg ved Nordahl Grieg vgs. på eigedomen gbnr. 120/296.

Eksemplar på tiltak vil vere nytt dekke på gangvegane, handtering av overvatn, montering av handlister, lys og skilting.

Bergen kommune ønskjer at det vert tinglyst ei erklæring for kvar av eigedomane som inneholder den retten ålmenta har til å nytte gangvegen, samt at det vert tinglyst at kommunen har rett til å vedlikehalde gangvegen. Kommunen pliktar å følgje opp vedlikehaldet, og dette skal skje i samsvar med dei til einkvar tid gjeldande budsjetta.

HFK skal som grunneigar ha rett til å kunne leggje om gangvegen til ein annan del av eigedomen.

Vi ber om at dei to vedlagte erklæringer vert signert.

Guro Klyve  
Eigedomsavdelinga

Vedlegg